



KYRKJELYDEN

Kyrkjelydsblad for Tokke Kommune Nr. 2-2022, årgang 36.





KONTAKTINFORMASJON FOR KYRKJESTABEN:

Sokneprest Hallvard N. Jørgensen
Telefon: 959 22 984
E-post: hallvard.jorgensen@tokke.kommune.no

Kyrkjeverje Jon Inge Nordbø
Telefon: 90 16 16 71
E-post: jon.inge.nordbo@tokke.kommune.no

Sekretær Silje Sordal Knudsen Heggard
Telefon: 35 07 52 30/91 60 15 17

Prostidiakon Eilev Erikstein
Telefon: 911 13 580
E-post: eilev.erikstein@tokke.kommune.no

Kyrkjetenar Bjarne Moen
Telefon: 906 18 054

Kyrkjetenar Nils Tarjei Dalen
Telefon: 957 45 169

Organist Robertas Lamsodis
Telefon: 970 97 475
E-post: rlamsodis@yahoo.com

Soknerådsleiarar
Eidsborg, Mo og Skafså: Dagny Skjelbreid
Høydalsmo og Lårdal: Marit Djuve

KYRKJEKONTORET I TOKKE

E-post: kyrkjekontoret@tokke.kommune.no
Adresse: Storvegen 60, 3880 Dalen
Telefon: 35 07 52 30

Kontoret har faste opningstider tysdag og onsdag 10-14, men er til vanleg ope også andre dagar.


Heimeside:
www.kyrkja.tokke.no

Framsida: Adventsstake i Høydalsmo kyrkje

I REDAKSJONEN:

Hallvard N. Jørgensen (redaktør),
Eilev Erikstein, Gunstein Seltveit,
Christian Utigard.

Kyrkjelydsbladet «Kyrkjelyden»
Vipps 3886, alternativ 1
«Kyrkjelydsbladet i Tokke». Eller:
Kontonummer 2685.07.06947. Dersom
du gjev gåve på bankkonto, merk
overføringa «Gåve, kyrkjelydsbladet».
Bladet drivast no på frivillig basis i alle
ledd, men ein treng stønad til trykking av
blad.





PRESTENS HJØRNE

I skrivande stund er vi inne i advent, og jola nærmar seg med stormsteg. Då vaknar gamle og nye tradisjonar til liv. Og dei er det ikkje reint få av, når vi tenker oss om! Adventsstake, ljoslaging, adventssalmar, jolekalender, Lucia-feiring, jolebord, jolenek, jolestjerne, jolegran, jolenisse, jolesongar, joletregang, joleprogram på tv, jolegudstenester, jolestemningar, jolegåver, jolebukk, jolekrubber, joleblomar, jolekort, jolehefte, jolemiddag, jolemarsipan, joleselskap, jolekonsertar, joleverkstad – og mykje meir til!

Jola har rett nok sine «mørke tradisjonar også». Ein del opplever jolehøgtida som vanskeleg. Det kan ha å gjere med kjøpepress, stress og forventningar, helseproblem, rus, konflikhtar, einsemd og anna. Då kan det vere godt å minnast kva som er kjernen i jola – det er barnet Jesus som bringar med seg Guds kjærleik og frelse, og som kallar oss til gjestfridom og nestekjærleik. I fellesskapet rundt krubba er det rom for audmjuke hyrdar og undrande vismenn – og også for oss.

Eg trur nok i alle høve at dei rike tradisjonane – og dei djupe kjenslene – som er knytte til jolehøgtida, fortel oss noko viktig. Kanskje er det slik at jolefeiringa minner oss om kva det vil seie å vere eit menneske? På den eine sida ved sjølv joleevangeliet om Gud som vart menneske. Men på den andre sida også heilt konkret, ved at dei rike tradisjonane – bilete, forteljingar, syn, lydar, smakar, lukter, fargar, rørsler,



kroppar, planter – gjer joleevangeliet levande for oss og viser oss kva eit sant og ekte og godt liv er.



Mo kyrkje i vinterdrakt.



OM Å PLANTE TRE FOR Å BERGE VONA.

Arbeidsgjevaren min har gjeve meg studiefri, og eg har spurt ein god kamerat om eg kan vitje han i Adis- Ababa, hovudstaden Etiopia.

Kyrkjefar Martin Luther (1483- 1546) kunne ha passa i Etiopia? Kanskje ikkje for teologiens skuld, men han lika treplanting. Sa han ikkje: “Om eg visste at verda gjekk under i morgon, ville eg likevel plante eit tre i dag.”? Slik blir det håpsteikn i klimakampen. Å sjå dei grøne og frodige skogane rundt kyrkjer og kloster.

Eivind Aalborg, er leiar for Kirkens Nødhjelp sitt arbeid i Etiopia, . Når han kom dit for seks år sidan såg han at ortodokse kyrkjer og somme moskear var omgjevne av skog. Å ta vare på desse skogane har blitt eitt viktig klimaprojekt.

Det opplevde me ved sjølvsyn på besøk i klosteret Menegehsa, 35 kilometer sør for Adis-Ababa, og seinare vart dette understreka på eit seminar om korleis frø planting kan bygge fred og sikra klima. -Gjennom samarbeid med religiøse, både kristne og muslimske, opplever me at me når langt ut, anten det handlar omskjæring av kvinner, fred, forsoning eller klima, slike forsamlingar fins overalt og har stor truverde, seier Eivind Aalborg.

I klosteret og landsbyen vart me tekne godt imot av munken Abba Meniskemariam. Kledd i blått og med eit gulT teppe kring skuldrane. Han er nesteleiar i klosteret på toppen av den 3000 meter høge vulkanen. Munken kliv raskt og lett opp den bratte vegen, med ein paraply på armen. Den får me vite kan nyttast mot regn men like gjerne mot sol. Dessutan er han eit bilete på kyrkjeskogane, dei er som paraplyar som beskyttar kyrkjene. Kirkens Nødhjelp har eit vatningsprosjekt her, og Abba er ein av leiarane i vassnemnda.

Gedevan Tekla, er seniorrådgjevar i WASH – programmet i Kirkens Nødhjelp Hans oppgåve er å sørve slike vassprosjekt som i Menegesha,. Nær halvparten av folket i Etiopia er framleis utan reint drikkevatt eller grunnleggande sanitæranlegg. Dette gjer ein sårbar for vassbårne sjukdomar, og unge jenter får ikkje skulegang fordi dei må bruke dagen på å hente vatn, seier Gedevan Tekla.

Kring klosteret bur det 2500 menneske i små landsbyar og huskrullar. Folket her steller godt med munkane og nonnene sine. Attende får dei nokon som ber, les og syng frå Den Heilage Skrifta.



For hundre år sidan var Etiopia eit skogland. I dag er berre 3-4 % av landet dekt av skog. No veit me mykje om kor viktig skogen er for å suge til seg CO₂, hindre jorderosjon og ta vare på bio-mangfald. Kyrkjeskogane er rett og slett som eit frøhvelv for Etiopia, slik me har det på Svalbard.

Den ortodokse kyrkja har ein heil teologi knytt til kyrkjeskogane. Grunnlaget er at ein må fare fint med jorda. Forvaltartanken er viktig.

Ei kyrkje utan skog er naken
I etiopisk- ortodoks teologi seier ein, at ei kyrkje utan skog, er som eit menneske utan klede. Ein anna metafor er at skogane er som Noas Ark. Dei fins om lag 35 000 kyrkjeskogar, og vel 70 000 kyrkjer utan skog rundt. Det er som eg ventar å sjå ein regnboge over kyrkjeskogen i Menegesha.

To og to dyr, og planter blei bevara. Slik vert kyrkjeskogane samanlikna med ein

stad der Gud grip inn og vil ta vare på sitt skaparverk. Så må me vera klar over at det me har rundt oss er til låns.

Den ortodokse kyrkja samarbeider med Kirkens Nødhjelp og alle gode krefter om å ta vare på Etiopias kyrkjeskogar.

Kyrkjeskogprosjektet er støtta av NORAD og er synt internasjonal interesse. I eit land der trongen for ved til matlaging og oppvarming er stort og skogsressursane stort sett høgd ut, respekterer folk likevel kyrkjeskogane.

I ei Masteroppgåve på MF i år om kyrkjeskogar, skriv Lisbeth Guren:

“Landsbybeboerne føler seg privilegerte som bor nær en kirkeskog, og det er en forståelse av at bønn fra klostervesenet, forfedre og engler i kirkeskogen fører til velsignelse. De begrunner at de aldri vil felle trær fordi kirkeskogen er et hellig sted.”

Eilev Erikstein





BEDEHUSET SION PÅ ÅMDALS VERK

Der bedehuset SION låg var frå gammalt av ein husmannsplas under garden Gaastjønn, som dei kalla Underberg. Til dagleg nytte ein berre Undeberg. Grensa mellom Berge og Gaastjønn går i dette området. Her på Undeberg bygde desse to gardane saman rundt 1900 opp ein stor tømra bygning i 2 høgder, og dei dreiv ein felles forretning der i ein god del år, truleg fram til rundt 1922. Etter at forretningen vart lagt ned vart huset bygd noko om og leigd ut som husvære, både i fyrste og andre høgda. Nemner ein del av dei som har budd på Undeberg, og då dei fleste før Pinsemenigheten tok over i 1946.

«Olav Nerisen, Theodor og August Karlsen, Gunhild Knutsen budde i det gamle kontoret. Gjermund Lie og kona Ingebjørg f. Barstad (Vislie) budde der frå 1936 til 1940, og hadde då to rom. Sonen, forfattaren Arvid Torgeir Lie, vart født her 18.aug. 1938. Guro Fles og borna budde der i ein periode. Eivind Hovden og kona Sofie f. Langerud frå 1933 til 1938. Dei hadde to rom i andre høgda. Arne og Ingrid Byggstøyl budde der i 2 år. Rafael og Sigrid Lønskog budde i 2 år frå 1936. Torleif Lie m/familien budde der frå 17.juni 1944 til mars 1946.

Dette året i 1946, kjøpte Pinsemenigheten byningen. Det vart bygd eit tilbygg mot vest med trapp opp til andre høgda som vart bygd om til ein stor møtesal. På veggen ute sto der eit stort skilt med SION.

Olav Gravir skriv i boka si i 1939 «Kyrkje og folk i Mo i 100 år, 1839-1939» at pinserørsla

«Barratrørsla» kom til bygda i jan. 1908. Det vart fort mange som slutta seg til denne nye venneflokk, og det vart mykje aktivitet. Skafså var den fyrste bygda den unge predikanten Sámund Sollid vitja. Det var møter rundt om i private heimar saman med nissedølen Jørgen Nordahl. Omkring 1910 kom evangelistane Margit og Abraham Havstad og Halvor Opsahl til Skafså. Det var i mange år ei fri vennegruppe for Pinsemenigheten i Skafså vart fyrst skipa i 1936. Pinsemenigheten på Dalen og Skafså gjekk saman og fekk sin fyrste løna forstandar i 1936 ved Fredrik Riis. Vennegruppa lånte i mange år og skulehuset på Verket til møtene sine. Lull/Ingebjørg Fles f. 1929 fortalde at ho som gjentonge gjekk på sundagsskule heime hjå Hilmar Frantzen og kona som då budde på Verket. Ein predikant Juul (Evensen) Felin fortalde i eit intervju, har diverre ikkje dato, om at han og vennen Willy Andersen hadde møte i Vrådal, Fyresdal og Dalen før dei kom til Åmdals Verk. Dei blei på Verket ut vinteren 1944 og ein del framover i 1945. Om Åmdals Verk skreiv Felin: «Willy og jeg ankom Åmdals Verk fra Vrådal på lastepplanet av en lastebil, stivfrosne en sein, kald mandagskveld midt i oktober. Vi tok inn hos gårdbruker Olav Åmdal, og fikk husly for natta i et uoppvarmet soverom, men så mye søvn ble det ikke. Etter en god frokost morgenen etter, dro vi til vår fremtidige hybel, i et hus de kalte Underberg.

I husets første etasje bodde familien Lie (Torleif Lie) vi fikk en stor ett roms hybel i annen etasje, hvor vi laget vår mat og sov. Hybelen hadde ikke elektrisitet og det var derfor vedfyring for varme og



matlaging. Som lyskilde bruke vi de karbidlampene som var i bruk i gruvene. Karbid fikk vi tak i det vi hadde behov for gjennom gruveselskapet. Vi ble ofte bedt på middag hos venner av menigheten, så vår matlaging ble ganske ofte bare tørrmat. Det var en livskraftig menighet på Åmdals Verk.»

Pinsemenigheten dreiv og søndagsskule på Sion i mange år. På 1950 talet og framover var det Marta og Peder Lykka og Arne Byggstøyl som tok seg av søndagsskulen.

Olav E. Aamdal f. 1886 d. 1967 var eldstebror og ei drivkraft for menigheten i mange år, og i eit intervju med Varden i 1957 fortalte Olav at om lag kvart tiande menneske i Skafså var med i Pinsemenigheten.

Rundt 1958/59 kom Aage Samuelsen og hadde ein del møter på SION. Rundt denne tida kom og ein predikant som heitte Henry Mansika, han og familien budde og på Verket i ein periode, og han hadde og ein del møter. Det kom til ei deling i menigheten då ein del slutta seg til Maran Ata som Samuelsen sto bak.

Tidleg på 1960 talet vart bedehuset selt til Sámund Lyngstad med tanke på nedriving og flytting, men Lyngstad seide det vidare, før det så vart rive og flutt.

Det var ein fin grunnmur under huset, mykje av kila stein, og denne kjøpte Karl Johan Lunde og står i dag ved huset han hadde i Vråliosen.

Dagfinn Midtbø





Frå Pinsemenigheita sin sundagsskule, utanfor Sion 1950.

Personar på bilete:

Bak frå venstre: Oddbjørn Lønskog, Karl Bastiansen, fyrste med gitar Kristine Karlsen, Unni Lie, Liv Lønskog, Arvid Torgeir Lie og sundagsskulelærer Marta Lykka med sonen til forstandar Myrseth på armane.

Sitande bak: Sundagsskulelærer Arne Byggstøyl, Knut Haugen, Arvid Sandland, Turid Kvaalen, Astrid Midtbø, Eva Frantzen, Ulla Antonsen.

Framst: Dagfinn Midtbø, Willy Frantzen, Tore Jostein Lie, Solbjørg Lie, Stein Otto Byggstøyl, Børg Odden, Ivar Grønning, Harry Frantzen og Audhild Antonsen.



FRÅ ARKIVET

Gamle trykksaker frå Kyrkjelydens mangeårige publikasjon.

Saksa frå Kyrkjelyden for kyrkjelydane i Lårdal, Rauland, Vinje og Mo.
August 1962


STØYLSMESSE

Sundag 9. september vil me samlast til messe inne ved Berehommen ved den nye veg over til Setesdalen. Der samlast me på dei tufter me kan få til sportskapell og utfartssted. På båe stadene vil me koke kaffe og hygge oss saman etter messone. Tak med niste. Me tek atterhald om fint ver.
September 1962

GILD GÅVE TIL HØYDALSMO KYRKJE

Fru Birgit Jakobsen, Eidanger, har sendt som gåve til kyrkje i heimbygda si ein 3-arma ljosestake i sylv. Det fylgde og ljøs med. Vi segjer henne også på denne måten hjarteleg takk for den fine gåva. Ho vitnar om kjærleik til bygda der heime, der Birgit hadde sin gang i barndoms- og ungdomstida, og om kjærleik til kyrkja si gjerning hjå oss i dag.

Birgit Jakobsen har også før sendt oss gilde gåvor til altaret i heimbygd-kyrkja: To altarljosestakar i tinn og ein sær fin linaltarduk



Detalj frå primstav.





UNGDOMSKLUBBEN 10-16

Går du i 5. klasse eller over det, er du hjarteleg velkomen til å besøke Ungdomsklubben 10-16 som held til i Skafså grendehus. Her har vi god plass. I storsalen går det på fotball eller innebandy. I veslesalen står bordtennisbordet. I sjølve klubbromet har vi biljard, sjakk, mange brettspel og gode sofagrupper til å bare slappe av i. Airhockey og fotballspel står i andre rom. Sidan vi har tilgang til kjøken, vil det av og til bli servert nysteikte vaflar eller pizza. Alltid gratis saft og kjeks. Brus må du kjøpe. Vi prøvar å få til ein tur til eit badeland når vi avsluttar klubbkveldane på vårparten. Dersom du ynskjer å bli medlem, kostar det kr. 50,-

Klubben er tilslutta Normisjon sin ungdomsavdeling Acta. Vi får av og til besøk av unge frå Acta. Det set vi stor pris på. På slutten av kvelden samlast alle i klubbromet til ein kort andakt eller prat om eit etisk tema. Her kan dei unge kome med sine refleksjonar og meiningar.

I 2021-2022 hadde klubben 26 medlemmar som kom frå mange ulike stader i Tokke. Vi har plass til mange fleire!

Klubbkveldane er annankvar onsdag mellom kl. 1800 og 2000. Leiargruppa består av Maria Wraa, Hallvard N. Jørgensen, Jan Ove Lofstad og Gunstein Seltveit.

Velkomen!







HAUSTTAKKEFEST I FJELLKYRKJA

Fredag 7. oktober inviterte Fjellkyrkjela-
get til hausttakkefest. Gunn Haldis
Gaastjønn hadde laga til eit bord som
viste litt av årets avling. Kjempeflott!
Song og musikk var det mykje av denne
kvelden, der vi hadde fått god hjelp av
Herdis, Øyvind og Hallvard Jørgensen
samt Helge Johannesen frå Kristiansand.
Vår tidlegare prest i Tokke, Jarle Bryne,
som nå er prest i Åmli, tok turen hit og
gav oss nokre visdomsord. Anne Lise
Andersen med fleire sytte for både
lapskaus, kaffi og kaker. Ein fin kveld der
haustmørkret minte oss om at
hausten for alvor var komen.

GS.



Jarle og pilegrimsstaven han fekk frå oss då han slutta i Tokke. Den har fylgd han alle
stader han har vore etter Tokke.





KVA VIL DET SEIE Å SITJE I EIT SOKNERÅD?

I Tokke har vi to sokneråd, det er Høydalsmo og Lårdal – og Eidsborg, Mo og Skafså. Til hausten er det soknerådsvæl, og i samband med dette vil eg skrive noko om kva eit slikt verv går ut på.

Fyrst litt formelt: Soknerådet veljast for ein periode på 4 år. I rådet sit også den lokale presten. Ansvarsområda til sokneråda står oppsummert i paragraf 9 i Kyrkjelova: «Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet, særlig at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, døpte gis dåpsopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet.»

I det praktiske så samlast soknerådet til møte med 4 til 8 vekers mellomrom, anten heime hjå nokon eller på kyrkjekontoret. Det plar vere enkel servering og rom for samtale. Saker som er vanlege å ta opp, er komande arrangement og gudstenester i kyrkja; føremål for takkoffer i gudstenester; stoda i økonomien; aktuelle saker relatert til lokalsamfunn, kyrkjeliv, kyrkje og kyrkjegard. Merk likevel at det konkrete praktiske ansvaret med kyrkjebygg og kyrkjegard ligg til det såkalla fellesrådet. Fellesrådet har medlemmer frå både kommune og bae sokneråd, og kyrkjeverja er dagleg leiar i rådet.

Medlemmer har ulik motivasjon for å stille til soknerådet. Nokre trivst godt med gudstenester og kyrkjeliv, og vil såleis vere med og gjere ei teneste i rådet. Nokre tenker på rådsarbeidet som ei viktig plikt; «no er det min tur». Nokre har særskilte ting dei brenn for, og dei vil arbeide for dette. Det kan til dømes vere opprusting av kyrkje og kyrkjegard; fellesskap og gudstenesteliv i eiga bygd; arrangement innan kyrkje, kultur, historie og musikk.

HNJ





KONFIRMANTAR 2021/2022

1. rekke frå venstre: Cathrine Andersen Heimdal, Maria Tveito Valencia,
2. rekke frå venstre: Hallvard Nordbø Jørgensen (prest), Tarjei Øvrekleiv, Mathilde Tveiten, Eirin Mostøyl, Anne Marie Nystein (Tempelen) (prest).
3. rekke frå venstre: Per Gjermund Løvold Askje, Olav Hagen, Olav Brattestå, Konfirmant Harald Magnus Olsen var ikkje til stades ved fotograferinga





Ronja Prent Blomhaug, Mari Gaastjønn.
Kristine Solvang Rinden, Julie Konstanse Veen Hagen, Amalie Beisland Sandok,
Lars Sæther Midtbø, Peter Fosli Stenseth, Oliver Supahs Larsen.





JOLEMINNE FRÅ LULLA LIO

Her kjem eit juleminne signert Lulla Lio til 7. klasse ved Tokke skule i 2007. Det er skrive slik Lulla skreiv det, litt på dialekt. Lulla vaks opp på Åmdals Verk.

En julekveld eg aldri har glemt!
Det var julekvelden, den vesle stua er
vasket fra gulv til tak. I kroken står et
fint, pyntet juletre.
Eg er ei lita jente på 6 år som har ventet
lenge på at julekvelden skal komme. På
bordet ligger en fin, heimelaga duk. Det
står en engel på bordet med stearinlys i.
Lyset skal tennes når vi skal ete julegraut.
Det var julemiddagen den gangen.
Før maten skulle vi pynte oss. Eg
hadde fått en nydelig, raud genser som
storesysstra mi hadde strikka. Eg hadde
svart foldeskjørt og nye sko. Eg følte meg
som den finaste jenta i verden!
Mor og syskena mine hadde også på seg
det finaste dei hadde. Mor hadde sagt at
eg skulle få ei julegåve, men først skulle vi
tenne lyset på treet. Og så sang vi «Eg er
så glad hver julekveld». Etter det ble lyset
på bordet tent. Det var tid for å spise
julegrauten. Det var risengrynsgraut med
sukker, kanel og smørøye. –Til drikke var
det raud saft.
Endelig var det tid for gaver. Mor kom
med ei lita pakke. Den var pakket inn i
julepapir. Inni var det et lite fuglebur. Det
var laga av tre og raudmalt. Det var festet
et lite kornband utapå, og inne i det sat
en dompapp. Eg syns det var så fint! Det
ble satt på bordet som pynt, og det kom
fram i jula i mange år framover. Vi var
ikkje vant til å ha pynt og slikt.
Det var bare eg som fikk pakke!
Videre utover kvelden koset vi våre med
forskjellige godt og sang litt sammen.
Eg kan godt hugse at mor las litt fra et

julehefte. Finklærne beholdt vi på hele
kvelden, og stadig såg eg nedover meg
sjølv og kjent hvor fin eg var!
I samme huset som våre budde ei
venninne av meg. Ho hadde ei tantesom
jobbet på dropsfabrikk på Nore. Denne
venninna fikk eg utpå kvelden besøk
av. Ho kom med ei gave. Tanta hadde
sendt til både meg og henne. Det var
ei julestrømpe i netting, full av godteri!
Eg har aldri vært så glad for ei gave, og
har aldri glemt den. Den hadde grønne
bånd, ett over vristen på sokken, og ett
oppe som snørte den sammen. Gjennom
nettingen kunne man se godteri inni. Eg
greidde ikke spise av den med en gang.
Den måtte ikke åpnes,, så eg hang den på
juletreet. Aldri hadde eg sett så mye godt!
Den ble spist utover i julen. Det smakte
veldig godt da eg endelig tok hull på den.
Dette er gode minner fra barndommens
jul!

Hilsen Lulla



Ingebjørg
“Lulla” Lio.
Bilet lånt
av Håvard
Lio.







Byggfag Skreosen og Dalen

Til alle dine byggeprosjekt,
små og store

Dalen: 35077072
dalen@skreby.no

Skreosen: 35055130
post@skreby.no

YX Dalen



- Softis
- Milkshake
- Fast food
- Nysmurt
- Bollar
- Mobiltilbehør
- Propan



YX Dalen, Storvegen 227, 3880 Dalen
Telefon: 35 07 71 32

www.lioauto.no

Lio Auto A/S

Din lokale bilverkstad



Me utfører:

- Mekaniske reparasjoner
- Karosseri reparasjoner
- Lakkering
- Oljebehandling
- 4-hjulsstilling
- AC-service
- Diagnose
- Bilvaskmaskin
- Dekkservice

Me reparerer alle bilar!

I tillegg utfører me:
Ruteskift
Rensing/flushing av automatkasser
EU-kontroll
Service på alle bilar

3 års garanti på delar og arbeid! Tlf: 35 07 71 32

Lio Auto A/S
3880 Dalen
Tlf: 35 07 71 32
post@lioauto.no

Mekonomen
Bilverksted

www.lioauto.no



Blomsterbua

Tlf: 35 07 71 67
brithwenche@dalenblomster.no
dalenblomster.no



HISTORIA TIL PRESTEBUSTADEN PÅ DALEN

av Peter Skaara og Dagfinn Midtbø

Mo gamle prestegard, på Søndre Ljostad i Mo, vart selt av Opplysningsvesenets Fond til Halvor Felland i 1912.

Den fyrste soknepresten som kom til Mo etter at soknet ikkje hadde eigen bustad var Peter Petersen Skaara som kom i mars 1913, og budde på Dalstrøm pensjonat * fram til prestebustaden sto ferdig i 1915. Frå 1.desember 2020 overtok Eidsborg, Mo og Skafså sokneråd saman med Diakonatet i Vest-Telemark, prestebustaden på Dalen. Sokneprest Svein Næsheim (sokneprest 1964-1968) hadde sendt ei oppmoding til presten Skaara om han kunne sende ei helsing til kyrkjelydane i Mo, og helsinga kom, og vart trykt i Kyrkjelyden i mars 1965.

Her kjem helsinga frå tidlegare sokneprest i Mo, frå 26.mars 1913 til 30.april 1926, Peter Skaara:

«Det kunne vel interessere å lesa litt om korleis det hadde seg at soknepresten i Mo kom til å få bustad på Dalen, som jo er kløyvt i to prestegjeld: Til ut i 1770-åra var Fyresdal med Veum, Skafså og Mo eit prestegjeld med soknepresten i Moland og kapellanen på Sundet i Skafså. Då dette store prestegjeldet blei delt, flytta kapellanen opp i Mo, der dei sette opp prestebustad rett opp for kyrkja. Abel heitte denne fyrste soknepresten i Mo; farfar til Niels Henrik Abel, den store matematikaren. So hende det ei septembarnatt i 1837, at eit jordskred braut mot prestegardshusa etter eit





langvarigt regnvær, so presten Wettergren tydde opp til Seltveit i Skafså. Der heldt han seg resten av si tid i Mo, og Halvor Folkestad, ettermannen, budde si tid der på Åsland-Bakken.

Diktarpresten Simon Olaus Wolf, som var sokneprest i Mo rett fyre Wettergren, og som hadde slik samhug med og omsut for sine kjære «Fjeldbønder» hadde skrive til Wettergren at han no ikkje måtte taka slik på veg og ikkje påføre kyrkjelyden utgifter til ny prestebustad, så sant det var botevon på den som var. Dette hjalp no ikkje; omkring 1850 blei ny bustad sett opp på Ljostad. Men sidan har det vore på tale ned gjennom åra, at presten helst burde bu på Dalen, og denne talen lydde sakte alt sterkare etter kvart som folketalet auka der nede.

År 1911 godkjende då Kyrkjedepartementet sal av Ljostad gard med hus, storparten av skogen og «tilliggende herligheter». Men so var presten «huslaus», då embedet var ledig i 1912, og derav kom det vel at det var berre tre søkjarar til kallet, og eg, den eine av deim, nyuteksaminert, fekk det. 26 år gamal, yngste soknepresten i landet den gongen. - Eg kunne forresten nemne at Engebret Åsland år 1905 skreiv til sokneprest Johannesen og baud fram garden sin til prestegard, men han bandt seg ikkje; og det blei no heller ikkje noko av med den handelen.

Den 26. mars 1913 kom eg og tok inn på Dalstrøms pensjonat, der eg og den nye prestefrua sette bu frampå sumaren 1913. Vi er glade for at vi kom til Telemark og det i so ung alder og ikkje langt frå Vestfold. Framandt kjendest nok mangt. Det blei eit nybrotsarbeid på ymse vis å gjera der i sentret på Dalen. Der hadde aldri nokon prest budd fast, ikkje noko kyrkjehus var der, eller bedehus, einast eit skulehus på Vistad og eit ute på Dalen. «Elvarheim» var nok brukbart, men heller primitivt og mest ubrukeleg til møte vinterstid. Det blei ogso mange faste reiser for presten, mykje tid gjekk med soleis; ingen brøytebil til å rydja veg. Det hjalp på at konfirmantlesinga tok til å finne stad sumarstid frå 1920, og at presten blei «motorisert» hausten 1919, då eg kjøpte motorsykkel. Hesteskyss var jo grei nok å taka til mang ein gong, men aldri kom eg ned Skafsåberga eller Modalen so snøgt som på ski. Eg held skisporten for å vera nr. ein av all sport. Hesteryggen fekk eg prøve berre ein gong, det eg hugsar, det var ein gong eg kom frå Skafså, og Olav Grimdalen møtte meg ved Holtebrui med Blakken – som Anne Grimdalen har gjort kjend – og eg som ein annan Landstad reid i soknebud inner og oppetter dalen til garden Grimdalen, til Annes mormor. Å – der var mange herlege turar å gjera i bygdene omkring!

Sumaren 1914 var biskop Støylen på visitas i Mo og Skafså saman med prost Jakob Kornbrekke. Han var ny i bispedømet då, og vel den fyrste bispen i Noreg som tala nynorsk. Både prest og kyrkjelyd hadde velsigning av denne bisp-messa. I 1920 kom same bispen att forresten, og då selde kvende so mykje mat og kaffi ved kyrkjestova, at eg kunne året etter kaufe til kyrkja i Mo, då eg var ein tur i Seljord, eit





større bilete av biskop Folkestad. Det har ingen heidersplass, i kyrkjesvala. Det var elles ikkje den slette, breie vegen å slå inn på for ein ung, urøynd prestemann på Dalen og derikring hine år. Alt i 1907 slo pinsevenene til der og ut derifra oppetter grendene. At det fata der nede var vel ikkje so rart; den grendi hadde no lege som eit ingenmannsland mest til då. At det då rådde ein viss spenning mellom «kirkelighet og entusiasme» hang no også saman med sosiale drifter innan sume lag av folket. Ja, ikkje vondord om pinsevenene, dei hadde vel si gjerning å gjera. Og det har jamna seg noko ut, skulle eg tru.

Indremisjonen hadde sine folk frå «Langesundsfjorden» ute til hjelp for kyrkja. Og eg vil nemne mitt venskap med lærarane i alle krinsane; det var meg ei glede å reise rundt til alle skulane om våren til årsprøvene. Dei la vekt på kristendomskunnskapane hjå borni. Mange gode vener, hjelpsame menneske, minnest eg. Skulle eg nemne nokon måtte det fyrst og fremst bli lensmann Dreng Nordjordet og formann på Åmdals Verk, Erik Gulbrandsen. Tenestemennene ved kyrkjone minnest eg med takk. Ingen klokkar har eg høyrte las bønene so fint som Ivar Apeland. På Kyrkjebø i Skafså tok eg imot mykje gjestmildhet, og på Ljostad, Birgit Moen, ikkje å gløyme.

Fyrste ordet i fyrste preika mi ved fyrste gudstenesta i Mo kyrkje sundagen etter påske, 30. mars 1913, var dette: «Hvorfor tror vi på Jesu oppstandelse? Først og fremst fordi det står skrevet!» Ei røyst nede i kyrkja kviskra so eg høyrde det: «Ja» Denne vedkjenninga som all forkynning er tufta på, minner eg om her. Berre, at eg no helst ville lata henne bli sagt på folkemålet i Vest-Telemark. Det tok vi i bruk påskedagane 1917 i Mo og Skafså.

Me dette sender me vår beste helsing til eldre -og yngre med – i grendene og på Verket.

Takk for plass i «Kyrkjelyden»

Jenny og Peter Skaara.





ETTERSKRIFT.

I dei åra me har budd her på Nannset, har eg treft på kjenningar som Olav Apeland og Olav Rykkelid. Og på gata i Larvik møter eg ikkje so sjeldan ei kvinne som går rundt med eit lokalblad. Ho kjende fyrst meg att, meddi ho er fødd på Åmdals Verk og var i fyrste konfirmantkullet eg førde fram i Skafså, i mai 1913. Anna Helene Halvorsen **) heitte ho då, er no enkje og har Eriksen til etternamn. Foreldra døydde tidleg og småjenta kom til Engebret Aamdal***) På Nannset bur ei kone frå Haukås på Byrte, men namnet hennar har eg ikkje notert ned.

*) Dalstrøm pensjonat låg like ved vegen oppover til Skafså ved garden Jordet. Det kom ein skreddar frå Gøteborg, Olav Johanson Dalstrøm som dreiv pensjonat, truleg frå 1900 og fram til 1935. Difor namnet på huset og eignedomen som er bustadhus i dag.

**) Foreldra var Halvor Tarjeison Grimestøyl (1848-1897) gift i 1887 med Ingebjørg Jonsdtr. Verket (1857-1909). Dei hadde tre born: Hege f. 1888, Johanne f. 1893 d.1913, og Anna Helene f. 1897. Anna Helene var 12 år då mora døydde, og far hennar døydde same året som Anna Helene vart fødd.

***) Anna Helene kom til burtistog Aamdal der ekteparet Engebret (1853-1938) og kona Ingebjørg (1847-1933) budde. Sonen Olav Aamdal overtok garden i 1918, og i dag er det Knut Urbø som eig og bur på garden med familie. Olav Aamdal var oldefar til Knut.

Sokneprestane som har budd i prestebustaden på Dalen har vore.

Peter Petersen Skaara 1915 – 30.4.1926

Finn Bader 15.9.1926 – 31.1.1929

Christian Astrup 15.8.1929 – 23.5.1936

Olav Gravir 23.6.1936 – aug. 1954

Bjarne Karsen Nenseter 1955 – 1964

Svein Næsheim 1964 – 1968

Paul Gerhard Birkeland 1968 – 1971 (vikarpest)

Alf P. Birkeland 16.8.1971 – 1980

Bernt Olav Karlsen 1981 – 1999

Olav Rune Ertzeid 2000 – 2005

Øyvind A. Jørgensen 2007 – mars 2014

I 2015 oppheva departementet buplikt som prestane tidlegare hadde.





NYTT FRÅ FRIVILLIGSENTRALEN I TOKKE.

Arbeidet ved Frivilligsentralen i Tokke rullar og går, med mykje positivt og spennande som skjer. Det er no to avdelingar. Lokalet på Dalen ligg ved sida av helsesenteret; lokalet i Høydalsmo ligg i Galleri Karen, i sentrum. Ved båe avdelingar er det ulikt program, og samlingane er opne for alle. På Dalen går dei daglege gåturane på Tangane frå tysdag til fredag kl. 1100. Seniornett tilbyr datahjelp på torsdagar, og same dag på kveldstid er det strikkekveld.

I haust har det elles vore ein del ulike arrangement – samling med Tømm Kristiansen (som diverre døydde ein periode etterpå); open sentral med sjakk og vaflar; utflukt til Margit Felland Krogh i Froland; vitjing frå den lokale fotoklubben; joleverkstad ved husflidslaget med meir. I Høydalsmo leier Karen Røed den daglege drifta, og her har det vore songstund; ljusbiletekveld om gamle hus i Høydalsmo; hobbykveldar med plantefarging, med meir.

Fleire ting kunne vorte nemnt – og fleire arrangement og samlingar vil det også bli. Arrangementa blir særleg annonsert på facebook-sida, som ligg ope på nettet. Sentralen har elles også utlån av diverse skiutstyr no om vinteren. Det er her verdt å rette ein stor takk til både styre, tilsette og frivillige for at dei gjennom Frivilligsentralen er med på å skape sosiale og aktive møtestader i kommunen.

HNJ





Tokke seniornett og Tokke Frivilligsentral

Datahjelp til seniorer.

Vi har kurs/møter/veiledninger
på Frivilligsentralen i Tokke,
hver torsdag kl. 11.00 til
kl. 14.00.

Hotellvegen 1, 3880 Dalen.
Smittevern blir tatt hensyn til.
Alle er velkommen.



TOKKE SENIORNETT
- får seniorene på nett -

tokke@seniornett.no



Tokke Frivilligsentral, Hotellvegen 1.

Ope

Tysdag-fredag 11-14

Vandring måndag - fredag kl. 11

Velkomen til oss!



REBUS

Kva kroppsdelar finn du her? Klarar du 10 rette svar, er du med i trekkinga. Send inn svar innan oktober til Gunstein Seltveit, Skafsåvegen 705, 3880 Dalen, eller på mail til gunstein@seltveit.no Lukke til!

Vinnarar av rebus i nr. 1-2022:

Systrane Berit og Unni (Bendiksen) frå Åmdals Verk og Liv Nygård i Høydalsmo. Gratulerer!!

Det var rekordmange som hadde sendt inn svar denne gongen, og nokre hadde også fullt hus. Det var særleg nr. 13 som mange hadde problem med. Det var kreative svar, men fasiten seier at det er "nyre".

Den yngste som sendte inn svar var Elias Heggard! Takk til alle som deltok.

REBUS: SJKDOMMAR OG LIDINGAR



Takk!

Styret i Fjellkyrkjelaget vil takke for gáva på kr. 11550 som kom inn i samband med gravferda til Hans Roar Heddeslid.

Styret i Fjellkyrkjelaget vil minne om at på heimesida, www.fjellkyrkja.no, kan du få med deg det som skjer av aktivitetar.

Det vert ikkje noko førjølstreff i år, men i staden «13 dag jol i Fjellkyrkja» fredag 6. januar. Då vert det servert blant anna jolekake og kakao som er ein gamal tradisjon på joletrefestar. Fredag 3. mars vil kvelden ha temaet «Håp». Blant anna vil Dalen Fotoklubb syne bilete med nettopp dette temaet. Andre innslag vil også bere preg av det. I ei uroleg tid, er håp viktig å fokusere på.

Styret tek sikte på å arrangere den årlege basaren på Skjærtorsdag. Vi er takksame for gevinstar til basaren.



Stemmingsbilete frå Fjellkyrkja

Svar på rebus førre gong:

- 1.Muskel 2.Lårhals 3.Iris 4.Brusk 5.Urinrør 6.Eggstokk 7.Tarm 8.Sene 9.Tunge
- 10.Isse 11.Lyske 12.Auge 13.Nyre 14.Kranie 15.Hals 16.Kne 17.Milt 18.Legg
- 19.Hake 20.Kinn



MI FAVORITTSALME

Av Liv Jorunn Utistog

“Guds kjærlighet” org. “The love of God” av Frederick Martin Lehman (1917)

*Guds kjærlighet er langt, langt større
enn penn og tunge tolke kan
Den når høyt over himlens stjerner
Og ned til dødens mørke land.
Så dypt vi falt, den sonet alt
Da Jesus døden led
Sitt fagne barn i syndens garn
Gud frelste og gav fred.*

Kor:

*Guds kjærlighet, hvor rik og stor,
Hvor høy og dyp og lang!
Den priser evig englers kor, og alle frel-
stes sang.*

*Om alle hav med blekk var fylte,
Var himlens hvelv av pergament.
Og var en penn hvert strå på jorden,
Hver mann med skrivekunsten kjent,
Å skildre rett Guds kjærlighet,
Vil tømme alle hav,
Og himlens hvelv fra bryn til bryn,
Ei plass til skriften gav.*

Det er særleg det andre verset som sit i meg. Eg hørde ei forteljing om det verset då eg var heilt ung. Verset blei funne i ei fengselcelle der det var rita inn i veggen av ein fange. Seinare har eg ofte tenkt på korleis alle menneske fann seg skrivesaker i graset, dyppa i blekkhava og skreiv på himmelen. Likevel ville det ikkje vere nok, for Guds kjærleik er utan ende!

Elles likar eg og godt å høyre på Trond Granlund som syng om Himmelvogna!





VANDRING I SOLIDARITET OG TAKKSEMD

Pilegrim er noko dei fleste religionar dei har. Det handlar om at bryte opp for å finne noko betre, slik også dagens flyktningar gjer.

Kyrkja i Øvre Telemark har sidan 2017 markert FN's Flyktningdag med ei pilegrimsvandring. Denne veka skjedde det i Kviteseid. (Onsdag 15 juni) Det prosten i Øvre Telemark Asgeir Sele og diakonane i prostiet som står bak invitasjonen.

I år kom Vaksenopplæringane frå Seljord/Kviteseid samt prestane og diakonane i prostiet. Frå Kviteseid var også Diakoniutvalet med. Seksti menneske vart det til slutt. I alle fire til åtti.

Etter tre kilometers vandring rundt kyrkja, var alle innbedne til ei lita musikkstund i kyrkja. Organist Olav Holm hadde sett saman ein program som spente frå Ole Paus til songar på ukrainsk. Mona Bøe frå Kirkens Nødhjelp heldt appell og fortalte om krig, konflikt og klimaendringar som gjer at over 100 millionar menneske er på flukt. Me all grunn til å vera takksame for det me har og vera glade me har noko å dele, avslutta Mona Bøe.



BARNAS

Finn 10 navn og ord frå juleforteljinga

Namna på ti namn og ord frå juleevangeliet er gøymt inni rutenettet under. Namna står bortover og nedover. Finn du alle?

Å	F	J	O	D	E	L	I	J	Q
U	B	E	T	L	E	H	E	M	A
M	E	S	S	I	A	S	N	A	U
U	L	U	I	G	U	G	G	R	G
J	O	S	E	F	F	J	E	I	U
O	L	P	Å	S	W	E	L	A	S
N	A	S	A	R	E	T	X	Ø	T
S	M	A	K	K	I	A	L	F	U
I	P	S	I	D	U	R	K	I	S
K	R	U	B	B	E	A	Y	V	I
I	R	A	B	A	B	R	A	B	Ø




Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Fargelegg!



Finn fem feil!

Engelen fortel gjetarane på marka nyheten om Jesu fødsel. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre? Teikning: Asbjørn Tønnesen





SNEKKERMESTER

Per Bjerke AS

Vinduer - Dører - Innredninger
Restaurering - Montering

Snekkerverksted Etbl. 1932



Ring Frode 92888841

Epost: frode@perbjerke.no

Vistadmoen 3, 3880 DALEN



Johre Revisjon

Olav Johre

P.b. 43, 3886 Dalen

Besøksadresser:

Hotelvegen 16, 3880 Dalen

tlf. +4735077550

mobil +4791518005

Epostadresse:

olav.johre@johrerevisjon.no

Web: johrerevisjon.no



SLEKTERS GONG

EIDSBORG, MO OG SKAFSA SOKN

DØYPTE:

Ånund Seltveit Aslestad
Helle Bjønnes Utistog
Erik Tarjei Hagajore
Tarjei Johre-Midtbø
Mikkel Wrålid
Markus Brubakk-Bø
Even Bråstøyl Hommo
Lars Bråstøyl Hommo
Vilda Helen Edel
Amund Myrene Klausen

VIGDE:

Brigita og Geir Støylen
Ingrid Sønnei Bjønnes og Svein Olav
Utistog
Dagne Lindvåg Johre og Jan Magnus Enger
Benedikte Woll og Stian Eide Ingebrigtsen

DØDE:

Signe Skaalen (Mo kyrkje)
Reidun Hervik Østenå (Skafså kyrkje)
Halldis O Frantzen Heimdal (Tøkke kulturhus)
Inger Brith Lie (Skafså kyrkje)
Einar Wellert Gjerlid (Eidsborg stavkyrkje)
Louise Grave (Skafså kyrkje)
Hans Roar Heddeslid (Skafså kyrkje)
Rolf Berg (Skafså kyrkje)
Ellinor Svanhild Marie Wrålid (Skafså kyrkje)
Steinar Resen Hegna (Eidsborg kyrkjegard)

HØYDALSMO OG LÅRDAL SOKN

DØYPTE:

Liam Ekelund Gunvaldjord
Johne Ormestøyl Bjerk



VIGDE:

Trine Høgset og Lars Eilev Djuve
Emilie Cathrine Kristiansen og Anders
Krog



DØDE:

Åsmund Eilevstjønn (Høydalsmo kyrkje)
Sigurd Oddvar Haukom (Høydalsmo kyrkje)
Aasmund Heggstøyl (Lårdal kyrkje)
John Arnt Sandvik (Høydalsmo kyrkje)





GUDSTENESTAR FRAMOVER

Her fylgjer oversyn over gudstenester i Tokke i fyrste halvdel av vårsemesteret. For meir, og oppdatert, informasjon om gudstenestene kan ein sjå annonse i VTB, heimesida kyrkja.tokke.no og facebookside @dnktokke.

Sundag 24. desember kl. 14, Høydalsmo kyrkje

Sundag 24. desember kl. 14, Lårdal kyrkje

Sundag 24. desember kl. 16, Tokke kulturhus

Måndag 25. desember kl. 11, Mo kyrkje

Tysdag 26. desember kl. 11, Skafså kyrkje

Sundag 1. januar kl. 12 (NB), Tokke kulturhus

Sundag 15. januar kl. 11, Høydalsmo kyrkje

Sundag 15. januar kl. 17, Tokke kulturhus

Sundag 22. januar kl. 11, Skafså kyrkje

Sundag 29. januar kl. 11, Mo kyrkje

Sundag 5. februar kl. 11, Tokke kulturhus

Sundag 19. februar kl. 11, Lårdal kyrkje

Sundag 19. februar kl. 17, Tokke kulturhus

Onsdag 22. februar kl. 18, Tangane på Dalen

Sundag 26. februar kl. 11, Skafsåheii fjellkyrkje

Sundag 5. mars kl. 11, Tokke kulturhus

Sundag 19. mars kl. 11, Høydalsmo kyrkje

Sundag 19. mars kl. 17, Tokke kulturhus

Sundag 26. mars kl. 11, Mo kyrkje

Sundag 2. april kl. 11, Tokke helsesenter

Torsdag 6. april kl. 19, Eidsborg stavkyrkje

Fredag 7. april kl. 19, Eidsborg stavkyrkje

Laurdag 8. april kl. 19, Eidsborg stavkyrkje

Sundag 9. april kl. 11, Eidsborg stavkyrkje

Måndag 10. april kl. 11, Elim Høydalsmo (Felleskyrkjeleg songsamling)






INFORMASJON

Returadresse

KYRKJELYDEN

Storvegen 60

3880 Dalen



Vest-Telemark
GRAVFERDSBYRÅ

Døgnavakt

928 13 634

Gravferdstenester

Gravstein

Omsliping, påskrift,
vask og oppussing av
eldre gravstein.

www.vtgravstein.no

